



Notat

Dato: 24.02.2016
Arkivsak: 2014/10587-38
Saksbehandlar: heihand

Til: Hans-Christian Engum

Frå: Heidi Handeland

**Kulturminnefagleg fråsegn - Ny høyring - Områdereguleringsplan for
Sotrasambandet - kulvert i Arefjordpollen - Fjell kommune**

Vi viser til oversending datert 22.01.16 med høyring av alternativ løysing for ny rv 555 på fylling/kulvert over Arefjordpollen, områdereguleringsplan Sotrasambandet. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Endringa omfattar i hovudsak areal i sjø, vi har dermed oversendt saka til Bergens Sjøfartsmuseum. Sjøfartsmuseet har tidlegare gjennomført marinarkeologisk registrering i Arefjordpollen, og kjenner ikkje til marine kulturminne i området som blir råka av planen.

Vi har ikkje vesentlege merknader i saka når det gjeld tilhøvet til kulturminneinteresser, men vi minner for ordens skuld om at det ligg eit automatisk freda kulturminne (Askeladden-id 174999) som skal bevarast nær planområdet på austsida av Arefjordpollen. Vi ber om å bli orientert seinast to veker før realisering av tiltak i denne delen av planområdet slik at vi kan vurdere å merke kulturminnet i terrenget. Vi viser elles til kulturminnefagleg fråsegn datert 07.12.15 til områdeplan for del av Sotrasambandet i Fjell kommune.